

## Konferansen i Bergen 2. til 4. september 2010

LFN-Hordaland hadde i samarbeid med LFN hovedstyre etablert ei prosjektgruppe med mål om å få arrangert ein fagkonferanse. Med økonomisk støtte fra LFN-Akershus og Kronprinsesse Märthas Minnefond klarte LFN for første gang å realisere visjonen om ein landskonferanse for sine medlemmar.

Tema for konferansen var ”nakkeskade og instabilitet”. Det lukkast å invitere spesialister frå ulike medisinske fagmiljø som arbeider med diagnostisering og behandling. Hovudfokuset på konferansen var WAD skadegradi III og IV, der sistnemte grad som omfattar instabilitet var det sentrale.

LFN har arbeidet for at den etablerte monopolpraksisen til nevrologane må opphøyra slik at nevrokirurgar og andre spesialister på muskel og skjelettsystemet også tar ansvar for diagnostisering og behandling av instabile nakkeskader. Spesialfeltet til nevrologane er grad III. Denne handlar om skader i nervesystemet, men når deira kunnskap ikkje strekk til overfor grad IV, blir pasienten sine symptom oppfatta i retning av ein biopsykosial forklaringsmodell. Denne modellen ser ”nakkeskade” i stor grad som ein ”funksjonell diagnose” og fokuserer i all hovudsak på dei psykiske symptom framfor å ta tak i årsaken som i alt for mange tilfelle er alvorleg instabilitet.

Etter ein kort velkomst helsing frå leiar i LFN-Hordaland Hjørdis Dahle der ho bl.a. gjekk gjennom litt av historia fram til denne dagen og presenterte prosjektgruppa med Elin Bøhmer som koordinator, blei helgas konferansier Karl Haakon Sævold introdusert.

Innleiingsforedraget stod mangeårig medlem Thorleif Næss for. Han tok utgangspunkt i skillet mellom dei ulike skadegradene og kvifor det er så viktig å endre fokus frå nakkeslengskade til nakkeskade. Næss har over mange år studert og satt seg grundig inn i nasjonal og internasjonal forsking på området. I tillegg har han skrive den særskilte boka ”Hjelpløs og rettsløs”.

Dr.med.PD.habil Trond Stokke hadde sitt foredrag under tema ”Instabilitet i nakken; hvordan det kan diagnostiseres (inkl. bruk av c-buen), hva det kan føre til og hvordan det kan behandles”.

Dr. Stokke som har sin private praksis i Oslo tok ein gjennomgang av viktige bilderutinar; ved alle typar nakkeskader – røntgenbilde inkl. gapebilde. Har ein mistanke om brot er det viktig å ta CT, ved mistanke om skiveskader er MR viktig, mistanke om ligamentskader; spesial MR og ved mistanke om instabilitet er funksjonsrøntgen fMRI særskilt viktig.

I sitt foredrag viste Dr. Stokke mange eksempel på biler med objektive funn ved hjelp av ”c-buen”, noko han sjølv nyttar i sin praksis. Her kunne han konkret vise til instabile nakkeskader. Vi fekk ein grundig gjennomgang av symptom og for så vidt manglande symptom ved instabilitet, kroppens reaksjon på farmasøytisk behandling, ”adekvat” behandling og den mangelfulle forståing for nakkeskadde i det norske helsevesen.

Manuellterapeut, PhD Bertil Rune Kaale hadde eit innlegg der han gjekk gjennom sin doktoravhandling frå 2009. Denne avhandlinga er tilgjengeleg i sin heilheit og er å finne på nettet. PhD Kaale er blant anna kjent for sine metodar til å diagnostisere nakkeskader ved

hjelp av funksjonsapparat som han nyttar i sin private praksis ved Firda Fysikalske Senter. Tidlegare har han i samarbeid med Dr. Kråkense v/Universitetssykehuset på Haukeland arbeidet med eit forskingsprosjekt for å diagnostisere nakkeskader. I tillegg til Kaale, hadde to av hans fysioterapeutar; Arne Nesgård og Morten Leirgul ein presentasjon om dei metodar og behandlingsform som vært nytta ved senteret på Sandane.

Lege/forskar Knut Birger Kvist avslutta dagen med eit "case-study".

Innleiinga til Dr. Kvist tok for seg tema;

"HVA ER ÅRSAKEN TIL NEUROPATISKE SMERTER I MUSKEL-SKJELET SYSTEMET?"

( Neuropatiske smerter defineres her som feilfungerende perifere nerver med tilhørende sentrale nerveceller)

Temaet handla om korleis dei langvarige smerter i muskel-skjelett-systemet, som varer over lengre tid, eller førekjem i lange periodar, kan være vanskelig å forklare når til dømes Røntgen/MR-funn etc. er negative. Konsekvensar av skade/smerte fører også til at nerver fungerer dårligare enn normalt noko som også involverer vev og musklar og fører til at det vært hypersensitivt. Dette vil i sin tur gå utover både ryggmargen og sentral-nervesystemet.

Dr. Kvist har i lengre periode hatt tett oppfølging av ei kvinneleg nakkeskadd. Saman med ektemannen tok ho ein gjennomgang av sin skadehistorie etter ein yrkesskade. Her blei det vist til både mangelfull forståing- og oppfølging frå arbeidsgjevar, bagatellisering av traume, alvorlig feilbehandling som gav den skadde ny funksjonssvikt som lenka henne til rullestol og korleis denne feilbehandlinga blei brukt mot henne som psykologisk forklaring på nakkeskaden. Dette var ein sterk historie som syner korleis enkeltskjebnar blir møtt i det norske helse-system. Heldigvis finnes det nokre få legar som våger å stå på pasienten sin side.

Spesialist i nevrologi Håkon Hofstad starta søndagen med sitt foredrag. Han er seksjonsoverlege på avdeling for fysikalisk medisin og rehabilitering på Haukeland Universitetssykehus og har eit doktorgradsstipendiat v/Universitetet i Bergen.

Dr. Hofstad sitt foredrag tok for seg spørsmålet "Kva er eigentlig ein nakkeskade?" og "kva inneberer rolla som sakkyndig".

Den første bolken som handla om sjølve nakkeskaden tok han for seg både skjelettskader og skader i nervesystemet, både dei synbare og ikkje synbare (bløtdelsskader). Det blei ein gjennomgang av skadegrader (WAD), symptomutvikling over tid, kronisk smertesyndrom, og "årsakskartet" som illustrerer korleis sjølve skaden er årsak til dei mange følgjetilstandar som kjem i ettertid. I følgje Hofstad er; "*den biopsykososiale modellen primært en forståelsesmodell og sier lite om det juridske årsaksbegrepet!!*".

Avslutningsvis blei kriteriene for rolla som sakkunnig gjennomgått. Her kom han inn på dei etiske sidene og den objektive rolla den sakkunnige måtte være bevist på, samt dei tre hovudspørsmålene; 1 Årsakssamanheng, 2 Grad av medisinsk invaliditet og 3 Funksjonsvurdering. Det er her mange komplekse forhold som skal avklarast og når slike saker først kjem inn i rettssystemet så er dette eit veldig usikkert prosjekt. Det er dommaren som bestemmer og; "*det er forskjell på ha rett og å få rett*". Likefullt er det stor usemje mellom LFN og det dominante fagmiljøet angåande spørsmålet om når instabilitet ligg føre.

Dr. spesialist i nevrologi og fysikalsk medisin, Magnus Robbestad heldt det avsluttande foredraget. Dr. Robbestad tok utgangspunkt i dei diagnostiske kriterium for cervicogen hodepine og samanlikna denne opp mot kronisk spenningshodepine. Førstnemnte er assosiert med eit unormalt rørslemønster og at hodepina er meir uttalt på den eine sida. Det er tydlege forskjellar på desse to typane, men blir fort plassert i same bås dersom ein ikkje er merksam nok på korleis pasienten formidlar symptomata.

Robbestad eksemplifiserte dette med ei sak han hadde som mangeårig rådgivande lege for trygdesystemet. Her følgde vi ei kvinne frå ulykka i -99 til operasjon hos Abbas Motazem i 2001, og den positive vedvarande effekten av fiksasjonen i dag, 10 år seinare.

Konferansen blei avslutta med ein paneldebatt med utgangspunkt i tema. I panelet deltok dei aller fleste som hadde foredrag med unntak av Kaale. Sjølv om inntrykket er at alle i panelet har eit genuint ønske om å løfte var diagnosegruppe er det likevel stor usemje om vegen til dette målet.

Tilbakemeldingar frå deltakarane har vore udelt positive, både i forhold til fagleg innhald og den ytre ramma. Det var eit uttalt ønske om at LFN også i framtida må klare å arrangere denne type konferansar.

Programmet starta alt på fredagen der opplevelingar stod i sentrum. LFN-Hordaland inviterte deltakarane med på ein busstur i Bergens By. Turens guide, Bengt Akselen presenterte byens mange historiske hendingar på ein interessant og lærerik måte, i tillegg fekk vi nærbondkontakt av 3. grad med buekorpset. Etter turen var det middag og sosialt samvær.

Laurdagskvelden blei det arrangert festmiddag med diverse talar og det kulturelle innslaget stod Sjauargutane for. Hjørdis Dahle og Elin Bøhmer fekk blomster for sin store arbeidsinnsats med konferansen og Thorleif Næss blei heidra for sitt mangfaldige arbeidet han har lagt ned for oss i LFN.

**Tekst: Jon Birger Eldevik**